

## Notat

Dykkar dato: Vår dato: 02.12.2020  
Dykkar ref: Vår ref: 2020/461 -  
Arkiv: 10954/2020  
Sakshandsamar: 150  
Trond Salmo

Til:  
Ordfører

## Vidare utgreiing om eigedomsskatt

Viser til e-post frå Jo Kjetil Strand av i går (svar i raudt).

Viser til samtale på telefon og sender som avtalt en forespørsel om diverse avklaringer rundt eigedomsskatten i Budsjettet.

Som nevnt så står det i Rådmannen sine innspel til budsjettet under Eigedomsskatt-promillesatsar i siste avsnitt :

**Forslag til satser fører til auke i eigedomsskatt på bustad med om lag 60%, medan fritid og en del nærings eigdommer aukar med om lag 95 %.**

Spesielt dette med fritid og en del nærings eigdommer som får høg % ønskes utdypet.

Minner om at takseringa går føre seg, og at grunnlaget først er klart i slutten av februar. Eksempeleigedommar krev ei endeleg taksering, og utvalet av eksempel krev tid til utgreiing. Det vert difor ikkje gjeve eksempel i svara.

- Ønsker spesifisert auken i % for fritids eigdommer og antall som blir berørt, gjerne med eksempel hvis det er mulig. ( år 2021 og 2024)

	2021	2022	2023	2024
Formannskapet	2,0	2,0	2,6	2,2
	76 %	0 %	30 %	- 15 %

Ein gjennomsnittleg fritidseigedom vil få 3 650,- i eigedomsskatt i 2021.

- Ønsker spesifisert auken i % for nærings eigdommer og antall som blir berørt, gjerne med eksempel hvis det er mulig. ( år 2021 og 2024)

Her er det snakk om 98 eigedommar / skatteobjekt. Nokre objekt har berre skatt på verk og bruk, som er under utfasing. Desse vert ikkje berørt av retakseringa. Mange har kombinert grunnlag der verk og bruk er ein del. Nokre vert verdsett av skatteetaten. Dette gjer at det ikkje er ein «typisk» nærings eigedom. Grunnlaget er gjeve i notatet til formannskapet, og promillesatsen er uendra i planperioden. Det ligg inne auke i skatteinntekter grunna ny næringsverksemd. Dette er omtala i budsjettokumentet.

- Kva blir auken i % for bustad når en korrigerer for linje 11 i koalisjonen sitt budsjett ? ( år 2021 og 2024)

	2021	2022	2023	2024
Formannskapet	2,0	2,0	2,6	2,2
	44 %	0 %	30 %	- 15 %

Prosentvis auke frå 2021 til 2024 er 10 %.

- Det er lagt opp til en kraftig auke i gebyr på vann og avløp i økonomiplan perioden ønsker dette spesifisert i kronebeløp (satser) pr år. For 2021,2022,2023 og 2024

Beløp er for ein vanleg husstad, inkl. mva.:

	2021	2022	2023	2024
Vatn	3 553,-	3 781,-	4 023,-	4 281,-
Avløp	4 873,-	5 171,-	5 487,-	5 822,-

Med helsing

Olaug Haugen  
Rådmann